



STRYN KOMMUNE

# Lindrane behandling og kreftomsorg



Handlingsplan for Stryn kommune 2022

## Innhald

---

Bakgrunn.....	3
Ressurssjukepleierane i Stryn kommune er:.....	3
Dei praktiske oppgåvene til ressurspersonane er knytt til: .....	3
Formålet.....	4
Klinisk arbeid – pasientnær funksjon.....	4
Samhandling og systemarbeid.....	4
Kompetanseheving .....	5
Prioriterte oppgåver for 2022.....	6

## Bakgrunn

---

I Helse Vest har vi bygd opp nettverk av ressurspersonar i kreftomsorg og lindrande behandling. Målet med nettverket er kompetanseheving og samhandling slik at kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik i alle nivå av helsetenesta.

Mange av ressursjukepleiarane i Stryn har vidareutdanning i lindrande behandling. Ressurspersonane får systematisk kompetanseheving gjennom samlingar i nettverket.

Ressurssjukepleierane i Stryn kommune er:

Olaug S. Mork har ansvar for Stryneområdet, vakttelefon heimesjukepleien: 91721614

Siv Hege Eide har ansvar for Vikaneområdet, vakttelefon Vikane: 47691276

Mari Kristine Melheim har ansvar for barn og tenester knytta til helsestasjonen, telefon: 57876999

Grethe G Hilde har ansvar for og er kontaktperson opp mot legetenesta, telefon: 57876980

Dei praktiske oppgåvene til ressurspersonane er knytt til:

- Klinisk arbeid på arbeidsplassen
- Samhandling og systemarbeid
- Klinisk forbetningsarbeid og kompetanseoppbygging

## Formålet

---

Bidra til å heve kompetanse og betre samhandling på alle nivå i helse- og omsorgstenesta. Slik at kreftpasientar i alle fasar av sjukdommen og pasientar med behov for lindrande behandling i alle sjukdomsgrupper, og deira pårørande, opplever trygghet og mottar gode og heilskaplege helse- og omsorgstenester.

## Klinisk arbeid – pasientnær funksjon

---

- ha oversikt over kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling i eigen sone/avdeling
- bruke verktøy og retningslinjer som vert tilrådde i Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon
- i samarbeid med leiar, bidra til gode rutinar for oppfølging og pleie av denne pasientgruppa
- i samarbeid med leiar, bidra til gode rutinar for oppfølging av pårørande
- undervise eller rettleie kollegaer i aktuelle pasient-/pårørandesituasjonar
- ta initiativ til utveksling av erfaring og refleksjon på eigen arbeidsstad
- ha rolla som koordinator for individuell plan der dette er naturleg

## Samhandling og systemarbeid

---

- i samarbeid med leiar, bidra til at aktuelle retningslinjer og tilrådde verktøy blir tekne i bruk på eigen arbeidsstad
- bidra til god kontinuitet og tverrfagleg samhandling i pasientforløpa
- vere kontaktpunkt mellom nettverk og palliative tiltak i sitt område, t.d. sjukehuset sitt palliative team
- ha oversikt over aktuelle tilbod innan kreftomsorg og lindrande behandling
- dele informasjon om aktuelle tilbod frå samarbeidspartar, som m.a. Kreftforeningen
- bidra til at pasientforløp vert brukt på arbeidsplassen

## Kompetanseheving

---

- aktivt arbeide med å heve eigen kompetanse i kreftomsorg og lindrande behandling, jf. Kompetanseplanen for nettverket
- i samarbeid med leiar, bidra med systematisk deling av kompetanse til kollegaer
- holde seg oppdatert på Kompetansesenteret i Lindrande behandling sine nettsider
- gjere seg kjent med ny og relevant forskingskunnskap

## Leiar sitt ansvar og oppgåver

---

- å gjere seg kjent med nettverksavtalen
- å ha årleg møte med ressursjukepleiar for å planlegge og evaluere arbeidsplan
- å gi ressursjukepleiar støtte, tid og ressursar til å utøve sin funksjon i medhald til avtalen for nettverket og denne beskrivinga av funksjonen
- å gi ressursjukepleiar høve til å delta på lokale gruppemøte i nettverket og årleg fagdag
- legge til rette for at ressursjukepleiar kan delta på aktuelle kurs/konferansar og i hospiteringsprogram

## Prioriterte oppgaver for 2022

---

1. Klinisk arbeid på arbeidsplassen. Vi nyttar verktøy som esas- r, norpal, livets siste dagar og nccn.  
Norpal (Individuell plan) er for brukarane med behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstjenester. Dette ansvaret ligg til journalansvarleg i pleie og omsorg. Kartlegging og dokumentasjon skal sendast til fastlegen via elektronisk melding.
2. Samhandling og systemarbeid.  
Implementere “pakkeforløp hjem for pasientar med kreft”. Og gjennom dette få til god samhandling med fastlegane. Ressurssjukepleier på legekantoret vil vere kontaktperson mellom helseforetaket og legekantoret.  
Ressurssjukepleier deltek på morgonmøte til legane og presenterer handlingsplanen vår for 2022.  
Oppstart av plan for heimedød i Stryn kommune. Vi kartlegg korleis dette vert organisert i andre kommunar og prøver å lage rutinar som kan passe i Stryn kommune. Dette vert eit samarbeid på tvers av fleire avdelingar.  
Det vil bli lagt ut brosjyre frå nettverket på legekantor og andre aktuelle stadar. Her vil det bli sett på etikett med kontaktinformasjon frå ressursjukepleierane.  
Heimesida til Stryn kommune vert oppdatert.  
Forsøke å få lagt informasjonsfilmen til nettverket ut på informasjonsskjermene i kommunen på legekantor og kulturhus.
3. Klinisk forbetningsarbeid og kompetanseoppbygging  
Mentor for: Digital opplæringspakke i lindrande behandling og omsorg, for helsefagarbeider og ufaglærte. Pågår både i Vikane og Stryn.  
Ressurssjukepleier gruppa kan tilby internopplæring. Ønsker at kvar enkelt avdelingsleiar bestiller opplæring etter behov. Kvar undervisning varer frå ½ - 1 time og vert avslutta med eit etisk dilemma. Ta kontakt med ein av oss for avtale.
  - Grunnleggande palliasjon
  - Esas
  - Smertepumpe, praktisk opplæring
  - Ernæring, beriking av kosten.
  - Livets siste dagar. Kortid starte opp?
  - Prosedyre dødsfall
  - Den gode samtalen?
  - Ethiske dilemma
  - Norpal – individuell plan

- Håndbok: «Lindring i Nord», oppslagsbok. Korleis bruke denne?

Tilby internundervisning etter nettverkssamlingane og fagdagane på sjukepleiemøte og avdelingsmøte.

## Aktuelle nettsider

---

Kompetansesenteret i lindrande behandling:

<https://helse-bergen.no/kompetansesenter-i-lindrande-behandling>

Handbok: Lindring i Nord

<https://unn.no/Documents/Kompetansetjenester,%20sentre%20og%20fagr%C3%A5d/Regionalt%20kompetansesenter%20for%20lindrende%20behandling/H%C3%A5ndbok%20i%20lindrende%20behandling/H%C3%A5ndbok%20i%20lindrende%20behandling.pdf>